

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga

Vår dato: 15.03.2017
Vår ref: 2013/403 - 6605/2017 / 121
Dykkar ref: 2014/11042

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger - uttale frå Stord kommune

Viser til brevet Dykkar av 14.02.2017, ref.2014/11042, om avgrensa høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

Vedlagt ligg uttale frå Stord kommune.

Rådmannen fekk i oppdrag å formidle eit politisk ynskje om at det i framtidig, regional kystsoneplanlegging vert teke med målingar av vasskvalitet og utvikling av fangst av ulike artar av fisk (t.d. brisling og kysttorsk). Sett saman med utvikling av sjøfuglbestand vil dette kunne gi oss opplysningar om artsmangfald og –rikdom som kan vere nyttig for vurdering av framtidige tiltak for å halde på det artsmangfaldet og artsrikdomen vi har. Det kan også vere grunnlag for å vurdere plastureining og framtidig havstigning som moment som må med i framtidig regional kystsoneplanlegging.

Med helsing

Lovise Vestbøstad
Kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg

- 1 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger, 2014/11042 - uttale frå Stord kommune